

Pinseturen 2008

Endeleg har båtsesongen starta! Etter mange, lange og mørke månader kom dagen då vi kunne pakke båten og legge frå kai. Årets sesongstart for mange blei pinseturen, og for ein start det blei! Fredag 9. mai køyrde vi utover Gløppefjorden i strålende sol og 20 varmegrader, knallblå himmel, kvite fjell og grønne lier – stort vakrere blir det ikkje. Vi var om lag 10 båtar som drog i lag, og første stopp på turen var Rugsund. Der tok ungane tok opp at vennskap frå sist båtsesong, fiskestengene og grillen kom fram att, og både små og store koste seg til langt utpå kvelden.



Laurdag vakna vi opp til nok ein dag med strålende vær, og vi la i vei med kurs for shopping i Måløy. Slikt må til om damene skal bli fornøgde, det har heldigvis turkommiteen fått med seg. Da vi hadde shoppa frå oss, gjekk turen vidare til Selje. Selje er verkeleg ei perle i slikt vær, med Selje kyrkje, kvit sandstrand og flott utsikt mot Stadt. Nokre av damene hadde tinga spa på Selje hotell, og ungane gjekk også på hotellet for å bade. Ungane fekk ikkje kome inn utan vaksne, så eit par av karane ofra seg og la seg i stampen med litt kaldt drikke. Dei hadde det roleg og fredeleg og kunne verkeleg nyte livet – heil til ungane oppdaga stampen... Det blei så mange føter der oppi, eg trur dei kom til 22 før dei kom ut av teljinga, at unge herr Gimmestad ikkje lenger visste kva føter som tilhørde han...



Laurdag kveld hadde vi tinga rekebord på Frimannsbua, der nøyt vi kvelden med gode reker, godt drikke og godt selskap. Etter stengetid der, var det sosialt rundt omkring i båtane, og overtrøtte ungar med mykje sukker i blodet storkoste seg like mykje som dei vaksne.



Søndag blåste det litt samstundes som temperaturane hadde kome ned igjen på normalt mai-nivå, så da var det bare å finne fram fleeejakker og langbukser igjen. Vi tok turen ut på Silda, der vi skulle ha siste overnattinga vår. Det var nesten heilt fullt med båtar på Silda, men vi klarte å få plass til alle saman likevel. Årets store fiskekonkurranse skulle gå føre seg på ettermiddagen, og vi lada opp så godt vi kunne heile dagen. Presis kl 17.00 gjekk startskuddet for konkurransen, og forventningsfulle barn og vaksne styrta til gummibåtane med konkurranseinstinktet på topp. Eg trur nokon hadde sladra om konkurransen, for det var nesten ikkje eit napp på heile gjengen i dei halvannan timane vi fiska. Nokre av ungane blei så skuffa at vi måtte opne for at konkurransen også gjaldt ting som levde i vatn, og da sluttsignalet gjekk hadde juryen fått inn ein pose skjell, eit agn og ein blomsterbukett. Men likevel, på tross av generelt manglande fiskelykke for dei fleste, hadde Sunneva Gimmestad fått ein svær lyr på om lag 2,5 kg! Ho blei definitivt konkurransens stor-fiskar! Juryen bestemte dessutan at pga. dårleg fiske, skulle vi ha ein ny fiskekonkurranse dagen etter om været var bra. Vi hadde også planlagt felles grilling på kvelden, men det var så kaldt at vi bestemte oss for å avlyse den. Pinse-quizen gjekk heldigvis som planlagt, sjølv om den blei litt skjemd av diverse ulovlig samarbeid...☺



Mandagen kom, med sol – og kald vind. Vi satsa på at det var lunare inne i fjordane, og bestemte at vi skulle dra til Rugsund og ha fiskekonkurranse nr. 2 der. Det var ei klok avgjerse, for det var varmt og godt da vi la til kai i Rugsund. Vi tente grillane igjen, og satt i gang fiskekonkurranse. Det var betre lykke denne dagen, og det var fleire som fekk fisk.

Kaisa W. Haukebø på 7 år fekk tre flotte fiskar, og viste ein fiskeglede og ein innsats som gjorde ho til dagens stor-fiskar. Maria W. Ose på 10 år fekk ei stor, fin rødspette på om lag 2,5 kg, og kom på ein god andre plass i konkurransen. Atle Jan Føleide stilte heldigvis utanfor konkurransen, for han drog opp ein diger steinbit på 6 -7 kg! Det var veldig spennande å sjå på, det er imponerande med krefter i ein slik fisk. Han sprella like godt etter Atle Jan hadde skore av han heile hovudet.

Etter premieutdelinga var det på tide å sette kursen for Sandane igjen. Eg trur vi alle syntes det var leitt at turen var slutt, vi hadde hatt ein strålende langhelg på sjøen. Tusen takk til turkomiteen for ein kjempeflott pinsetur!



Det blir ny fellestur 22. – 24. august! Sett av helga og bli med på tur!

15.05.2008
Ann Karin W. Ose